

Administrasjon- og fellestenester

delk 69

Kommune	
200665491	
21106	
Ki-501	



Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.,
0030 OSLO

Arkivkode
C84

Vår ref.
06/273 - Solberg

Dykkar ref.

Dato
17.11.2006

MELDING OM VEDTAK – STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Frå møte i Kommunestyret den 16.11.2006, saksnr 63/06.
Nedanfor følgjer utskrift av vedtaket:

Vedtak:

Overordna prinsipp:

Alle innbyggjarar skal ha tilgang til medlemskap i eit trus- eller livssynssamfunn.

Staten bør ha ein aktiv og støttande livssynspolitik, og stå som garantist for at slike samfunn får levedyktige kår.

1. Ål kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje held fram der ordninga er forankra i Grunnloven.. Vidare at dagens finansieringsordning held fram, men utan medlemsavgift. Den einskilde lokale kyrkje kan innføre ein friviljug medlemsavgift eller gjevarteneste til særskilde prosjekt.
2. Det er trong for meir demokratisering innan kyrkja sine organ. Difor vil Ål kommune tilrå meir bruk av direkte val til kyrkja sine organ. Det bør starte opp andre tiltak som kan styrke både valdeltakinga og ein breiare representasjon. Dersom det kjem til eit skile er det avgjerande at det kyrkjelege demokratiet er på plass.
3. Ål kommune tilrår at den lokale kyrkje(sokneråd eller kyrkjeleg fellesråd) har ansvaret for gravferdsforvaltninga.
4. Ål kommune tilrår at sokna/kyrkjeleg fellesråd framleis skal vera eigar av kyrkjebygga og kommunen ha det økonomiske ansvaret.
5. Ål kommune meiner at det ikkje er rett å stille krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellesråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.



6. For freda og verneverdige kyrkjer må det opprettast egne finansieringsordningar som kan forvaltast av kyrkja sine organ. Riksantikvaren må også få ressursar som skal øyremerkast til restaurering av verna og freda kyrkjebygg.


Ål kommune støtter framlegget om at det blir etablert eit kulturminnefagleg kompetansesenter innanfor Den norske kyrkje knytt opp mot eksisterande fagmiljø.

Staten overtek eigarskap til freda og verneverdige kyrkjer som ikkje er i bruk.

Staten må inn med økonomiske strakstiltak slik at forfallet av kyrkjebygg vert stoppa.

7. Ål kommune meiner at eigedomsretten til Opplysningsvesenets fond skal overførast til Den norske kyrkje.

Med helsing



Ingvar Solberg
konsulent

Kopi til:

Sakshandsamar for orientering/oppfølging

Saknr. 63/06

STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Innstilling frå arbeidsgruppa:

Overordna prinsipp:

Alle innbyggjarar skal ha tilgang til medlemskap i eit trus- eller livssynssamfunn.

Staten bør ha ein aktiv og støttande livssynspolitik, og stå som garantist for at slike samfunn får levedyktige kår.

1. Ål kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje held fram der ordninga er forankra i Grunnloven. Vidare at dagens finansieringsordning held fram, men utan medlemsavgift. Den einskilde lokale kyrkje kan innføre ei friviljug medlemsavgift eller gjevarteneste til særskilde prosjekt.
2. Det er trong for meir demokratisering innan kyrkja sine organ. Difor vil Ål kommune tilrå meir bruk av direkte val til kyrkja sine organ. Det bør starte opp andre tiltak som kan styrke både valdeltakinga og ein breiare representasjon. Dersom det kjem til eit skilje er det avgjerande at det kyrkjelege demokratiet er på plass.
3. Ål kommune tilrår at den lokale kyrkje(sokneråd eller kyrkjeleg fellelråd) har ansvaret for gravferdsforvaltninga.
4. Ål kommune tilrår at sokna/kyrkjeleg fellelråd framleis skal vera eigar av kyrkjebygga og kommunen ha det økonomiske ansvaret.
5. Ål kommune meiner at det ikkje er rett å stille krav om at kommunen sitt medlem i kyrkjeleg fellelråd skal vera medlem av Den norske kyrkja. Ein ber om at føresegna til kyrkjelova § 29 blir endra på dette punktet.
6. For freda og verneverdige kyrkjer må det opprettast eigne finansieringsordningar som kan forvaltast av kyrkja sine organ. Riksantikvaren må også få ressursar som skal øyremerkast til restaurering av verna og freda kyrkjebygg.
Ål kommune støtter framlegget om at det blir etablert eit kulturminnefagleg kompetansesenter innanfor Den norske kyrkje knytt opp mot eksisterande fagmiljø.
Staten overtek eigarskap til freda og verneverdige kyrkjer som ikkje er i bruk.
Staten må inn med økonomiske strakstiltak slik at forfallet av kyrkjebygg vert stoppa.
7. Ål kommune meiner at eigedomsretten til Opplysningsvesenets fond skal overførast til Den norske kyrkje.

Handsaming:

Framlegg frå Kjell Arne Haavaldsen (SV):

Pkt 1

Ål kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje vert oppheva og erstatta av ei sjølvstendig folkekyrkje likestilt med andre trus- og livssynsamfunn. Denne kyrkja bør finansierast gjennom medlemsavgift og noko støtte frå det offentlege.

Grunnloven bør endrast slik at statens verdigrunnlag blir slik:

"Staten og den Myndigheder skal sikre Menneskernes grundlæggende Rettigheder og friheder efter indgaaede Traktater, og bidrage til at udvikle og fremme disse høie Principer. Alle Indvaanere af Riget have paa lige Betingelser Frihed til udøvelse av Religion og Livsanskuelse."

Pkt 3

Ål kommune tilrår at det er kommunen som har ansvaret for gravferdsforvaltninga. Det bør innarbeidast vigsling av kvar einskild grav under gravferda. Kommunen har ansvar for tilgang til eigna, livssynsnøytrale seremonilokale for gravferd og andre livsfasemarkeringar.

Pkt 4

Ål kommune tilrår at den lokale kyrkje skal eige og ha det økonomiske ansvar for sine bygningar.

Pkt 6

Freda og verneverdige kyrkjebygg bør eigast av det offentlege. Øvrige kyrkjebygg/lokale bør eigast og drivast av kvart einskilt trussamfunn, evt med noko støtte i frå det offentlege.

Pkt 7 Nytt pkt

Eigedomar som i dag er i bruk av kyrkja vert overført til den norske kyrkje, medan andre verdiar vert tilført fellesskapet.

Framlegg frå Frøydis Stoveland Dekko (Krf):

1. Ål kommune tilrår at dagens ordning med statskyrkje blir oppheva og erstatta med ei lovforankra folkekyrkje. Tilknytninga til staten blir gjennom ei kyrkjelov vedteken av Stortinget. Nærare og meir detaljerte reglar for finansiering av ei ny folkekyrkje må utarbeidast der offentlege løyvingar utgjer hovudfinansieringa av drifta med statlege tilskot som dekker løn og personalkostnader for alle kyrkjelege tilsette. Den nye ordninga må forankrast i det kristne og humanistiske verdigrunnlaget i § 2 i Grunnlova.

Røysting:

TEMA	RØYSTER	PARTIFORDELING	Resultat
Overordna prinsipp	24	Samrøystes	Vedteke
Pkt 1 a - arbeidsgrp	15	H: 2, Ap: 4, V: 3, Frp: 3, Sp: 3	Vedteke
Pkt 1 b - Dekko	6	Krf: 2, V: 3, Sp: 1	Ikkje vedteke
Pkt 1 - Sv's framl	3	Sv: 2, Ap: 1	Ikkje vedteke
Pkt 2 - arbeidsgrp	24	Samrøystes	Vedteke
Pkt 3 - arbeidsgrp	19	H:2, Krf:2, Ap:4, V:4, Frp:3, Sp:4	Vedteke
Pkt 3 - Sv's framl	5	Sv: 2, Ap: 1, V: 2	Ikkje vedteke
Pkt 4 - arbeidsgrp	21	H:2, Krf:2, Ap:4, V:6, Frp:3, Sp:4	Vedteke
Pkt 4 - Sv's framl	3	Sv: 2, Ap: 1	Ikkje vedteke
Pkt 5 - arbeidsgrp	24	Samrøystes	Vedteke
Pkt 6 - arbeidsgrp	21	H:2, Krf:2, Ap:4, V:6, Frp:3, Sp:4	Vedteke
Pkt 6 - Sv's framl	3	Sv: 2, Ap: 1	Ikkje vedteke
Pkt 7 - arbeidsgrp	20	H:2, Krf:2, Ap:3, V:6, Frp:3, Sp:4	Vedteke
Pkt 7 - Sv's framl	4	Sv: 2, Ap: 2	Ikkje vedteke

For øvrig samrøystes som arbeidsgruppa si innstilling.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Ål kommune*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå vedtak

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare